

(8) DEN SMÅLE VEG

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND


Torheimsvegen, hammarguden Tor sin veg heim

Em B7
Tor skul-le heim, men han fann ik-kje veg - en,

Em F#7 B7
3 ber - re eit til - vak - se fjor - da - far.

Am B7 Em Cmaj7
5 Då tok han ham - mer`n og kylt - te`n i ås - en og

F#7 B7 Em
7 brau - ta seg veg - tråkk som ik - kje var.



1
Tor skulle heim, men han fann ikkje vegen,
berre eit tilvakse fjordafår.
Då tok han hammer`n og kylte`n i åsen
og brauta seg vegtråkk som ikkje var.

2
Tor hørde rykte at sjølve Vårherre
preikar om dyd og dei rette steg:
*Alle som ønskjer seg tryggleik og trivnad,
må vite å følgje den småle veg!*

3
Tor fór til Herren og ba han å sjekke:
Er dette sømmeleg veg å gå?
Herren fann kikkert og myste på faret,
og preika: *Det får vere måte på!*

4
*Fjella og fjorden og bakkane grøne,
heimar for mine, men óg for deg.
Då er det berre som andre har sagt det
at dette er **gangsti**, og **ikkje veg**.*

5
Herren såg eidarar køyre i tretti,
der gjaldt formaning og skilt og juss.
Men utpå Tor-vegen senka dei skuldra
for der kan ein køyre i åtti pluss.

6
Herren gav endeleg dom over stoda:
*Ingen må tenkje at alt er greit;
vegen er atgløymt, men mange vil hugse,
for Tor er frå Torheim... såvidt eg veit...*